

Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 20.05.2019

Orienteringar:

- Øygarden tannklinikk ved Ragnhild Ak Skaja, seniorrådgjevar HFK.
- Nordhordland tannklinikk ved Ragnhild Aak Skaja, seniorrådgjevar HFK.
- Nytt fylkesbygg: prosessen nytt fylkesbygg – status. Med spesiell vekt på universell utforming.

Ad. orientering om Nordhordland tannklinikk:

Kjell Håland (A) sette fram slikt forslag:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) understreker viktigheten av at fylkeskommunen sin eigen rådgjevar i Universell utforming og RMNF vert tidleg involvert i byggeprosessen.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne sett føre at det kommunale rådet i Lindås kommune/nye Alver kommune har vore involvert i byggeprosessen.»

Røysting

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Ad. Brukarmedverknadsgruppa for Bybanen byggetrinn 4:

Bybanen utbygging har avslutta medverknadsrunden for byggetrinn 4. Det vart halde 4 møter i gruppa. Det siste møtet var den 15.03.2019. Det siste referatet oppsummerer dei 4 møta. Referat frå dette møtet er sendt medlemmane i RMNF pr. E-post den 20.05.2019.

Kjell Søvik har vore på SOR-konferansen den 9.-10.05.19 i Bergen: Er godt nok, godt nok ?
Gode tilbakemeldingar frå konferansen.